Økonomiplan 2028 – 2030

og

årsbudsjett 2027

Framlegg frå formannskapet

04.11.2026



Fyresdal

Sidetilvising

Innleiing 4

Premisser i budsjett og økonomiplan 2027 – 2030 5

Økonomiske handlingsreglar for budsjett og økonomiplanperioden 2027 – 2030 6

Økonomiske endringar i finansområdet for 2027 7

Økonomisk oversikt etter art – drift 2027 – 2030 7

Stab og økonomi 9

Hovudoppgåver 9

Næringsutvikling – utfordringsbilete og økonomiske rammer 9

Økonomiske endringar i rammetildelinga for 2027 12

Helse og omsorg 13

Hovudoppgåver 13

Økonomiske endringar i rammetildelinga for 2027 18

Kultur og oppvekst 19

Hovudoppgåver 19

Økonomiske endringar i rammetildelinga for 2027 23

Betalingssatsar 23

Plan og teknikk 25

Hovudoppgåver 25

Avdelingar og fagområde 25

Utfordringsbilete og prioriteringar i 2027 27

Mål for sektoren i 2027 29

Ressursar i sektoren.....30
Økonomiske endringar i rammetildelinga for 2027: 30
Betalingssatsar 30
Investeringar.....38
Gjeldsoversikt 40

Innleiing

Budsjett og økonomiplan for perioden 2027 til 2030 ber preg av at det byggast datasenter på Molandsmoen. Fyresdal Vekst AS har utbetalt 80 millionar i utbytte til Fyresdal kommune. Samstundes forventast det ein auke i eigedomsskatten som gjer at ein kan auke investeringstakten og noko auke driftsbudsjettet. I tillegg til dette er det forventa at straumprisen held seg høg, slik at dette gjev auka konsesjonskraftinntekter og ein god avkasting av aksjane Fyresdal kommune har i Vest-Telemark Kraftlag AS.

Som konsekvens av datasenterutbygginga og auke i inntektene er det store investeringar som skal gjennomførast og som er bra for samfunnsutviklinga i kommunen. Dette gjeld bustadbygging, hestesportsenter, treningssenter, rullepark osv. I tillegg til dette er det under utgreiing hotell, nytt bygg for brukarar som får tenester frå TTF, oppgradering av den eldste delen av barnehage og den eldste delen av skulen. I tillegg til dette er det lagt opp til andre mindre investeringar som er nødvendig for å oppretthalde drifta.
Alle desse prosjekta krev auke i administrasjonen for å planlegge, fylgje opp og gjennomføre. Drifta er styrka med fire millionar for å kunne gjennomføre alle prosjekt på ein god måte.

Den største utfordringa samfunnsmessig i Fyresdal nå er mangel på bustadar. Derfor investerer kommunen 145 millionar i 2027 til fullføring av 26 bueiningar på Århusjordet og 12 bueiningar på Skogtun. Kommunen forskutterar desse kostnadane, og skal dekke kostnadane dette får med sal og utleige av bustadane.

Fyresdal kommune har lav gjeldsgrad, det er eit sterkt ønske og oppretthalde ei slik praksis. Det er positivt for driftsbudsjettet da auke eller reduksjon i rentenivået får lite konsekvensar i driftsbudsjetta. Investeringar skal i hovudsak framleis finansierast av konsesjonskraft og andre variable inntekter. Nytt av året i økonomiplanen er at det blir foreslått nokre økonomiske handlingsreglar som seier noko om kva for inntekter som kan nyttast til kva, og som seier noko om kva for nivå som er minimumsnivå for kommunens disposisjonsfond.

Samanlikna med andre kommunar viser KOSTRA tall at Fyresdal har høge driftsutgifter.

Prognosane for 2026 er at kommunen også i år, som tidlegare år, vil få eit meirforbruk på drifta. Men auke i kommunen sine skatte- og kraftverksinntekter vil redde resultatet nok ein gong. Meirforbruket i 2026 kjem sjølv om kommunestyret løyvde 5 millionar ekstra.

Sjølv om Fyresdal har god økonomi og da ein stabil drift, er der framover behov for omstilling i alle sektorar. Dette handlar ikkje om pengar, men om kompetanse og digitalisering. Eit utsegn er at vi

går tom for folk før vi går tomme for pengar. Med dette meiner ein at vi vil slite med å få tak i folk med den kompetansen vi treng for å klare å opprettholde tenestene på same nivå som i dag.

Overføringane frå staten og skatteinntekter er budsjettera med ein auke på 6 millionar i 2027. Dette gjev sektorane full kompensasjon for løns og prisvekst i årets budsjett.

Fyresdal kommune har nå eit stabilt folketal på ca 1280 personar pluss minus, men det er forventa ei stor positiv utvikling i folketalet dei neste åra. Dei siste åra har det vore jobba godt med etablering av ny industri og arbeidsplassar på Molandsmoen. EdgeConnex sitt datasenter vil gradvis byggast ut og settast i drift i åra framover. I tillegg vil det på Molandsmoen i 2027 kome eit mindre datasenter eigd av Fossefall. Ringverknadene av datasenteretablering for eksisterande og nytt næringsliv merkast i heile Vest-Telemark.

Fyresdal kommune har starta prosessen med å rullere kommuneplanens arealdel. Planen er å sluttføre dette arbeidet våren 2027.

Turistnæringa i Fyresdal er i sakte vekst og nyt godt av at det skjer så mykje i anna næring om dagen i tillegg til den nå etablera tiltrekkingskrafta som Tretoppvegen har.

Bygdevekstavtala for Vest-Telemark er eit felles løft for å styrke busetjing, næringsutvikling og kompetanse i regionen. Gjennom handlingsplanar vedtekne i alle kommunestyra blir det sett i verk konkrete tiltak for fleire eigna bustader, fleire arbeidsplassar i privat sektor og meir kompetanse innan helse og oppvekst.

Premisser i budsjett og økonomiplan 2027 – 2030

- Driftsnivået skal vere innafor dei rammer kommunestyret har fastsett.
- Sektorane skal sikre at kommunen får dei statlege tilskota dei har krav på.
- Sektorane skal levere lovpålagte tenester med tilfredsstillande kvalitet.
- Det gjennomførast innbyggarundersøking på kommunenivå eller i dei sektorane det er aktuelt å sjekke ut kva brukarane eller innbyggjarane meiner
- Nasjonale tilskotsordningar og prosjektmidlar skal nyttast som finansiering i tenesteområda.
- Utvikling og omstilling av tenestene i sektorane skal skje kontinuerleg innafor eigne rammer, og kan skje innafor eit eller fleire av driftsåra i økonomiplanperioden.
- Utvikling og omstilling i og mellom sektorane rapporterast i tertial og årsmelding

Økonomiske handlingsreglar for budsjett og økonomiplanperioden 2027 – 2030

Lån

- Lånegjelda skal i hovudsak ikkje auke fordi den påverkar driftsbudsjettet negativt
  - Låneopptak kan skje når det er for inntekts erverving, eksempel husbygging som fører til auka driftsinntekter på husleige
  - Låneopptak kan skje når det er midlertidig, og/eller det er ein plan for korleis gjelda skal nedbetalast utan å påverke driftsbudsjettet til tenestene
  - Låneopptak kan skje ved anskaffing av areal og anna som gjev varig verdi
  - Låneopptak kan skje for å utløyse statlege tilskotsordningar
  - Låneopptak kan skje når det går inn i eit sjølvkostrekneskap

Eigedomsskatt

- Eigedomsskatt skal gå til å styrke og utvikle tenestene på driftssida eller investeringssida, eller avsettast til disposisjonsfond.

Sal av konsesjonskraft (konsesjonskraftstyret)

- Inntekter frå sal av konsesjonskraft skal i hovudsak gå til næringsutvikling og investeringsbehov

Konsesjonsavgifter

- Konsesjonsavgiftene skal berre gå til investeringar og ved behov styrking av disposisjonsfondet til investeringar

Rammetilskot og skatt

- Rammeoverføringar frå staten og skatteinngang skal finansiere drifta av Fyresdal kommune

Utbytte

- Utbytte frå VTK skal finansiere drift av Fyresdal kommune.
- Anna utbytte frå eigarskap i aksjeselskap skal styrke disposisjonsfondet

Disposisjonsfond

- Fyresdal kommunes disposisjonsfond skal til ein kvar tid vere på minimum 25 millionar

Felles overordna mål

- Legge til rette for god innbyggarmedverknad og kunnskapsbasert informasjonsarbeid.
- Nytte dei menneskelege, naturgitte og økonomiske ressursane i møte med framtidas behov.
- Bygge eit godt omdømme i alle delar av organisasjonen.
- Profesjonalitet i leiarskap og medarbeidarskap skal vere ein styrande faktor for dei kommunale tenestene.
- Førebyggjande og tverrsektorielt arbeid skal vere i fokus.

Økonomiske endringar i finansområdet for 2027

Tekst	Utgift	Inntekt
Konsesjonskraftinntekter		20 000 000,-
Rammetilskot		4 000 000,-
Skatteinngang		2 000 000,-
Eigedomsskatt		4 000 000,-
Utbytte		5 000 000,-
Overført investering	20 000 000,-	
Bruk av fond		4 000 000,-
Avsett fond	5 000 000,-	
Totalt	**25 000 000**	**39 000 000**

Økonomisk oversikt etter art – drift 2027 – 2030

Budsjett	2027	2028	2029	2030	2026	2025
DRIFTSINNTEKTER						
Rammetilskot frå staten	86 666	86 666	86 666	86 666	82 666	81 299
Inntekts- og formueskatt	47 221	47 221	47 221	47 221	45 221	42 931
Eigedomsskatt	14 387	14 387	14 387	14 387	10 387	11 104
Andre skatteinntekter	13 819	13 819	13 819	13 819	13 819	13 172
Andre overføringar og tilskot frå staten	12 134	12 134	12 134	12 134	12 134	17 346
Overføringar og tilskot frå andre	71 823	71 823	71 823	71 823	51 823	66 393
Brukarbetalingar	5 584	5 844	5 584	5 584	6 084	6 357
Sals- og leigeinntekter	24 692	24 692	24 692	24 692	22 992	22 672
SUM DRIFTSINNTEKTER	**276 316**	**276 316**	**276 316**	**276 316**	**245 126**	**261 273**
DRIFTSUTGIFTER						
Lønsutgifter	132 707	132 707	132 707	132 707	122 857	128 228
Sosiale utgifter	25 804	25 804	25 804	25 804	25 139	29 006
Kjøp av varer og tenester	64 964	64 964	64 964	64 964	61 054	73 281
Overføringar og tilskot til andre	15 305	15 305	15 305	15 305	15 040	16 195
Avskrivingar	8 800	8 800	8 800	8 800	8 800	11 288
SUM DRIFTSUTGIFTER	**247 580**	**247 580**	**247 580**	**247 580**	**232 890**	**257 998**
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-28 736	-28 736	-28 736	-28 736	-12 236	-3 276

FINANS						
Renteinntekter	-4 403	-4 403	-4 403	-4 403	-4 403	-3 497
Utbytte	-13 400	-13 400	-13 400	-13 400	-8 400	-8 181
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar						
Renteutgifter	4 200	4 200	4 200	4 200	4 200	4 563
Avdrag på lån	5 069	5 069	5 069	5 069	5 069	3 899
NETTO FINANSUTGIFTER	**-8 534**	**-8 534**	**-8 534**	**-8 534**	**-3 534**	**-3 217**
Motpost avskrivingar	-8 800	-8 800	-8 800	-8 800	-8 800	-11 288
NETTO DRIFTSRESULTAT	**-46 070**	**-46 070**	**-46 070**	**-46 070**	**-24 570**	**-17 780**
DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT						
Overføring til investering	36 720	36 720	36 720	36 720	16 720	21 094
Avsetning til bunde fond	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000	4 769
Bruk av bunde fond	-3 980	-3 980	-3 980	-3 980	-3 980	-3 619
Avsetning til disposisjonsfond	11 330	11 330	11 330	11 330	6 330	310
Bruk av disposisjonsfond	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000	-500	-4 774
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
SUM DISPONERING\ DEKNING AV NETTO DR.RES.	**46 070**	**46 070**	**46 070**	**46 070**	**24 570**	**17 780**
MEIRFORBRUK/ MINDREFORBRUK	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Stab og økonomi

Stab og økonomi har oppgåver som er støttefunksjonar for leiarar i kommunen, og oppgåver som er sjølvstendige og ikkje skal løysast i ein sektor. Tilsette i stab og økonomi har ein organisering kor personalansvaret er fordela utifrå oppgåvene dei har. Personalansvaret er fordela mellom kommunedirektør og kommunalsjef for stab og økonomi.

Hovudoppgåver

- Økonomi, budsjett, rekneskap og løn
- Post og arkiv
- Politisk sekretariat
- HR og personaladministrasjon
- Informasjon og sosiale media
- Telefon og sentralbord
- Busetting av flyktningar
- Introduksjonsprogram – norskopplæring
- Samarbeid med NAV og Barnevernstenesta i Vest Telemark
- Juridiske spørsmål
- Barnehagemynde

Næringsutvikling – utfordringsbilete og økonomiske rammer

Eit næringsarbeid i endring

Fyresdal står midt i ei omfattande utvikling med store næringsetableringar, auka aktivitet og nye moglegheiter for lokal verdiskaping. Dette gir kommunen eit anna utfordringsbilete enn tidlegare, både når det gjeld omfang, kompleksitet og behov for kompetanse.
Kommunen går frå å arbeide for å skape vekst, til også å måtte styre og handtere veksten. Dette krev langsiktig planlegging, tett samarbeid med næringslivet og evne til å balansere utviklingsmoglegheiter mot økonomisk risiko.

Auka kapasitet og breiare ansvarsområde

Kapasiteten innan næringsarbeidet er styrkt frå éin til tre personar. Auken må sjåast i samanheng med både dei store næringsetableringane og eit vesentleg større ansvar for utviklingsprosjekt og samfunnsutvikling.
Næringsavdelinga arbeider i dag med ei brei portefølje av prosjekt og prosessar, mellom anna:

- **Strategisk utvikling:** Kommunikasjonsplan for Framtidas Fyresdal, næringsstrategi, reiselivsstrategi og tilrettelegging av næringsareal.

- **Stad- og samfunnsutvikling:** Hotelletablering, rulle- og aktivitetspark, treningssenter og dagsturhytte.
- **Offentleg–privat samarbeid:** Utgreiing og utvikling av samarbeidsmodellar mellom kommunen og private aktørar, også innan kommunale tenester.
- **Næringsdialog og medverknad:** Vesentleg auka omfang av møte med næringslivet, folkemøte, leverandørkveldar, informasjonsmøte og oppfølging av investorar og etablerarar.

Prosjekta har ulik karakter og er i ulike fasar, men krev samla sett betydeleg kapasitet til koordinering, utgreiing, finansiering, dialog og gjennomføring.

Auka saksmengd og forvaltning av næringsfondet

Den auka aktiviteten i næringslivet gir også fleire førespurnader, etableringsinitiativ og søknader til næringsfondet. Dette medfører meir arbeid med rettleiing, saksbehandling, vurdering av økonomi og risiko, og oppfølging av vedtak.

Samtidig har sakene blitt meir komplekse, med større behov for vurderingar knytte til offentleg støtte, konkurranseforhold, marknadsrisiko og vilkår for kommunal medverknad.

Økonomiske rammer og juridisk bistand

Trass i auka bemanning og aktivitet er dei ordinære driftsutgiftene til næringsarbeidet relativt låge. Arbeidet er i stor grad prosjekt- og vedtaksstyrt, medan økonomiske verkemiddel i hovudsak blir forvalta gjennom næringsfondet og særskilde politiske vedtak.

Dei store etableringane og nye samarbeidsformene med private aktørar har samtidig ført til eit aukande behov for juridisk bistand. Dette gjeld særleg avtaleverk, anskaffingar, offentleg støtte, eigarskap og risikofordeling. Det må difor påreknast høgare utgifter til advokattenester enn tidlegare.

Grenseflater mot kommunal drift

Fleire av utviklingsprosjekta har grenseflater mot ordinære kommunale tenesteområde, særleg teknisk sektor. Dette gjeld både investeringar, drift, vedlikehald og inntekter.

Hamaren aktivitetspark er eit døme, der utvikling av reiselivstilbodet heng tett saman med teknisk drift, vedlikehald og parkeringsinntekter.

Tilsvarande problemstillingar vil kunne oppstå ved etablering av nye aktivitets- og fritidstilbod og ved offentleg–privat samarbeid om kommunale tenester.

Det blir viktig å avklare ansvar, finansiering og fordeling av kostnader og inntekter mellom næringsarbeidet, dei ordinære kommunale tenesteområda og eventuelle private samarbeidspartnarar.

Utfordringar og prioriteringar framover

Den omfattande utviklingsaktiviteten stiller større krav til kommunen si evne til å prioritere, koordinere og gjennomføre prosjekt.

Sentrale utfordringar framover vil vere å sikre tilstrekkeleg næringsareal, utvikle ein heilskapleg sentrumsplan, oppdatere nærings- og reiselivsstrategiane og etablere gode rammer for offentleg–privat samarbeid.

Hovudoppgåva blir å omsetje dei store investeringane og den auka aktiviteten til varig lokal verdiskaping, nye arbeidsplassar og eit attraktivt lokalsamfunn – innanfor økonomisk berekraftige rammer.

Vidare næringsutvikling og lokale ringverknader

Dei store datasenteretableringane gir Fyresdal eit nytt utgangspunkt for langsiktig næringsutvikling. I åra framover vil ei sentral oppgåve vere å omsetje investeringane til varige arbeidsplassar, nye verksemder og størst mogleg lokal verdiskaping.

Dette krev eit meir aktivt og målretta utviklingsarbeid innan fleire område:

- **Leverandørutvikling:** Styrkje lokalt og regionalt næringsliv slik at fleire verksemder kan kvalifisere seg som leverandørar til datasentera, både i utbyggings- og driftsfasen.
- **Overskotsvarme og nye etableringar:** Vidareutvikle Myldr Energipark og leggje til rette for ny næringsaktivitet basert på overskotsvarme, sirkulær ressursutnytting og industriell symbiose.
- **Nye marknader og tenester:** Leggje til rette for at eksisterande og nye verksemder kan utnytte auka etterspurnad etter varer, tenester, overnatting, servering og aktivitetstilbod.
- **Kompetanse og arbeidskraft:** Samarbeide med næringslivet, utdanningsinstitusjonar og regionale aktørar om kompetanseutvikling, rekruttering og nye arbeidsplassar.
- **Strategisk næringsutvikling:** Sikre tilgjengeleg næringsareal, utvikle nye etableringsmoglegheiter og arbeide aktivt med investorar og potensielle samarbeidspartnarar.

Dette inneber at næringsarbeidet i større grad må vere proaktivt, med systematisk bedriftsoppfølging, nettverksbygging og utvikling av nye prosjekt og samarbeid.

Den langsiktige utfordringa blir å sikre at datasenteretableringane ikkje berre gir aktivitet i utbyggingsperioden, men dannar grunnlaget for eit breiare, meir robust og framtidsretta næringsliv i Fyresdal og Vest-Telemark.

Ressursar i sektoren

Sektoren har eit nettobudsjett på 31 millionar.

Økonomiske endringar i rammetildelinga for 2027

Tekst	Utgift	Inntekt
Lønsoppgjer/prisvekst	1 020 000	
Auke økonomiressurs	800 000	
Parkeringsinntekter		-500 000
Tilskot Fyresdal Sokneråd	110 000	
Samfunnsutvikling	2 000 000	
Disp.pott lønsutvikling	500 000	
Disp.pott investering OKO-utvalet	-400 000	-400 000
Disp.pott investering PM-utvalet	-100 000	-100 000
Totalt	**3 930 000**	**-1 000 000**

Helse og omsorg

Hovudoppgåver

Fyresdal kommune har eit lovpålagt ansvar for å sørge for helse – og omsorgstenester til innbyggarar og dei som vitjar kommunen. Sektoren har eit aktivt fokus på å utvikle og forbetre helse – og omsorgstenestene til ein kvar tid og gjeld heile livsløpet.
Sektoren leverer ulike type tenester gjennom heile døgnet og gjennom heile året. Det krev at tenestene er robuste, fleksible og evnar å tilpasse seg dei endringane som skjer i samfunnet. Då er det avgjerande at tenestene vert tilpassa framtidas behov og krav.
Samtidig skjer det ei stor samfunnsutvikling i Fyresdal kommune, etablering av flere næringsaktører blant anna datasenter kan ha stor påvirkning for belastninga for helsetenestene på tvers i sektoren dei komande åra.

Sektoren er dela inn i fire ulike avdelingar:

Fyresdal pleie og omsorgssenter (POS)

- Avdelingsleiar har ansvar for fag, økonomi og personale.
- Personaladministrasjon, kjøkken og vaskeri er lagt inn under denne avdelinga med ein fagleiar.

Avdeling helse

- Avdelingsleiar har ansvar for fag, økonomi og personale.
- Legekontor, legevakt, fysio/ergoterapitenesta, psykisk helse og rus, helsestasjon og skulehelsetenesta er lagt inn i denne avdelinga. Kommuneoverlegen er medisinsk fagleg ansvarleg.

Heimeteneste

- Avdelingsleiar har ansvar for fag, økonomi og personale.
- Heimetenesta består av heimesjukepleia, heimehjelp, hjelpemiddelteknikker

TTF – Mellombels eiga avdeling

- Det er tilsett ein mellombels avdelingsleiar i TTF.
    - Avdelingsleiaren har ansvar for fag, økonomi og personale.

I kommunalsjefen sin stab ligg tenestekontor, kommuneoverlege funksjon samt frivilligsentralen.

Fyresdal kommune er med i fleire interkommunale samarbeid blant anna: Rask psykisk helsehjelp, Psykologteneste, Krisesenter, Jordmorsamarbeid, Simuleringssenter og alarmsentral Telemark.

Utfordringsbildet

Helse- og omsorgssektoren i Fyresdal kommune står overfor fleire utfordringar knytte til økonomi, bemanning, organisering og framtidige tenestebehov.



Den demografiske utviklinga ser ut til å medføre auka belastning på helse- og omsorgstenestene på alle omsorgsnivå i åra framover. Gjennomsnittsalderen i Fyresdal kommune var 45,4 år, medan medianalderen var 47 år. Til samanlikning var gjennomsnittsalderen for heile Noregs befolkning 41,8 år, medan medianalderen var 41 år.

Økonomi og drift

Ved inngangen til 2027 har helse- og omsorgssektoren eit meirforbruk knytt til mellom anna fastlønn, overtid, vikarbruk og sjukefråvær. Dette legg press på både økonomien og den daglege drifta. Det planleggast ei utdypende kartlegging av drift for å kartlegge og utbetre sårbarheiter i organisasjon i 2027.

Tenestebehova varierer over tid og mellom dei ulike delane av sektoren. Det er derfor behov for å vurdere korleis bemanninga kan organiserast meir fleksibelt, og korleis ressursane kan nyttast betre på tvers av sektoren.

Fyresdal pleie- og omsorgssenter (POS) har hatt varierande belegg over tid. Dette er venta å få økonomiske konsekvensar i 2027 dersom belegget ikkje endrar seg vesentleg, mellom anna i form av tapte inntekter.

I 2026 har utetenestene hatt behov for innleige frå vikarbyrå på grunn av mangel på fagkompetanse og bemanning. Dette behovet er venta å halde fram i 2027 dersom det ikkje blir

gjennomført organisatoriske grep og målretta tiltak for rekruttering og for å behalde eksisterande kompetanse.

TTF har i 2026 gjennomført ein gjennomgang av vedtak opp mot faktisk drift i TTF. Gjennomgangen avdekte eit auka behov for vernepleiarkompetanse og behov for ein mellombels avdelingsleiar for å sikre at tenestene som blir leverte, er i samsvar med vedtaka. Dette er knytt til aukande kompleksitet i tenestene og større krav til fagkompetanse for å kunne oppfylle dei lovpålagde tenestene.

Rekruttering og bemanning

Det er venta at kommunen framleis vil ha utfordringar med å rekruttere og behalde kvalifisert personell ut 2027, særleg helsefagarbeidarar, sjukepleiarar og vernepleiarar. Det er sett i verk fleire tiltak for å betre rekrutteringa og behalde eksisterande kompetanse, men utfordringane er framleis ikkje løyste.

Det er derfor behov for å vurdere nye og alternative løysingar for bemanning og arbeidstidsordningar. Erfaringane med Nordsjøturnus for legar kan vere eit utgangspunkt for å undersøkje om liknande ordningar kan vere aktuelle i andre delar av sektoren og for andre faggrupper. Eit anna mogleg tiltak kan vere at kommunen støttar innbyggjarar som ønskjer å ta utdanning innan fagområde der det er behov for kompetanse. Dette kan vere ein del av eit meir langsiktig arbeid med å sikre rekruttering og tilstrekkeleg kompetanse i helse- og omsorgstenestene.

Sektoren har og behov for fleire tilkallingsvikarar på ulike kompetansenivå, frå assistentar og helsefagarbeidarar til sjukepleiarar, vernepleiarar og legar. Betre tilgang på tilkallingsvikarar kan redusere behovet for overtid og ekstern vikarbruk og gi større fleksibilitet i drifta.

Dette er likevel særleg utfordrande for Fyresdal kommune, som er i sentralitetsklasse 6. Lange reiseavstandar og ein avgrensa lokal arbeidsmarknad gjer det vanskeleg å rekruttere til ein stabil vikarpool. Samtidig arbeider kommunen for ein heiltidskultur, noko som gir meir stabil bemanning, men som og kan redusere tilgangen på tilsette som kan ta ekstravakter utan at det utløyser overtid.

Desse forholda gjer det lite realistisk å dekkje heile vikarbehovet gjennom ordinær rekruttering. Sektoren må difor framleis rekne med noko overtid og ekstern vikarbruk.

Tenester for personar med funksjonsvariasjonar og framtidige lokale

Det er framleis uløyste utfordringar knytte til tenestetilbodet for ressurskrevjande brukarar. I 2027 er det planlagt å greie ut behovet for nye bustader med heildøgns omsorg og lokale for aktivitets- og arbeidstilbod for personar med funksjonsvariasjonar. Framtidsbiletet viser at kommunen dei komande åra kan få fleire brukarar med behov for tilrettelagde butilbod, arbeidstilbod, aktivitetstilbod og dagtilbod.

Dette skaper behov for å vurdere kapasitet, lokale og organisering av tenestene i eit lengre perspektiv. Målet må vere å utvikle eit differensiert tilbod som er tilpassa ulike aldersgrupper, funksjonsnivå og individuelle behov.

Digitalisering, velferdsteknologi og omstilling

I PS 84/2025, økonomiplan 2027–2029 og årsbudsjett 2026, blir det peika på behovet for omstilling i kommunen. Under utfordringsbiletet for helse og omsorg står det:

> For å kunne møte framtidas utfordringar knytt til mangel på kompetanse må vi ha stort fokus på velferdsteknologi og digitale løysningar.

Frå 2027 og i åra framover vil digitalisering og velferdsteknologi få ei stadig større rolle i helse- og omsorgstenestene i Fyresdal kommune. Kommunen skal ta i bruk eit nytt elektronisk pasientjournalsystem (EPJ) som del av eit nasjonalt innføringsløp. Dette vil innebere store endringar for helsepersonell og tenestene på kommunalt, regionalt og nasjonalt nivå. Samtidig vil samarbeidsavtalen med NetNordic leggje til rette for enklare anskaffing av helseteknologiske løysingar som kan samordnast med Alarmsentralen i Skien.

Digitalisering og velferdsteknologi er derfor viktige område i det vidare omstillingsarbeidet. Innføring og bruk av nye digitale og velferdsteknologiske løysingar tek tid og krev tilpassing, opplæring og vedlikehald. Etter kvart som fleire bur heime, kan behovet for hjelpemiddel og velferdsteknologiske løysingar auke. Gjennom tilrettelegging av bustader og bruk av helseteknologi og hjelpemiddel kan det bli enklare for tenestemottakarane å få dei lovpålagde helse- og omsorgstenestene i eigen heim. Samtidig kan dette føre til auka belastning på dei allereie avgrensa ressursane innan ergoterapi og hjelpemiddeltekniske tenester.

Vidare utvikling og planlegging

Dei samla utfordringane viser behovet for å vidareutvikle helse- og omsorgstenestene slik at kommunen kan møte framtidige behov innanfor dei økonomiske og personellmessige rammene.

Dette omfattar mellom anna betre ressursutnytting, fleksibel bemanning, rekruttering og kompetanseutvikling, vidareutvikling av tilrettelagde tenestetilbod og meir målretta bruk av digitalisering og velferdsteknologi.

Målet er at innbyggjarane i Fyresdal får dei lovpålagde helse- og omsorgstenestene, samtidig som tenestene skal vere berekraftige både i dag og i åra framover.

Mål

- Legge til rette for at flest mogleg kan bu i eigen/egna heim lengst mogleg
    - Alle med vedtak om tenester skal få spørsmålet; *kva er viktig for deg?*
- Gje behandlings- og diagnostiseringstilbod nærare brukarane der det er mogleg
    - Via Digital heimeoppfølgning (DHO) og andre satsninger innanfor digitalisering og velferdsteknologisk løsningar skal tenestemottakar kunne følges opp i eget hjem.
- Legge til rette for kompetansehevande tiltak som gjev utvikling og ny kunnskap som kan implementerast
    - Langsiktig planlegging av behalde og rekruttere ressurspersonar og kompetansen i kommunen
    - Helse og omsorg skal vurdere tilsetting av annan type fagkompetanse der det trengs.
- Kontinuerleg utvikling av kommunen si tenestetrapp/innsatstrapp, der vi legg til rette for førebygging i alle livsfasar
    - Heimebesøk for eldre over 75 år
    - Fokus på forebyggande arbeide for tenestemottakar
        - Informasjon for å førebu innbyggarar, brukarar, pårørande og tilsette om kva ein kan forvente seg av framtidige helse og omsorgstenester
        - Informasjon om tiltak og tilrettelegging for å kunne bu lenger heime
- Vi skal ha fokus på sunn berekraftig drift og økonomi
    - Kontinuerleg forbetringsarbeid i sektoren

Ressursar i sektoren

Helse og omsorg har eit nettobudsjett på kr 63 millionar.

Økonomiske endringar i rammetildelinga for 2027

Tekst	Utgift	Inntekt
Lønsoppgjer/prisvekst	2 645 000	
Auka bemanning i TTF	2 500 000	
Auke ressurs hjelpemiddel	400 000	
Turnusplass Fysioterapi	225 000	
Ergoterapi – dela med Nissedal	250 000	
Alarmsentralen	215 000	
Omstilling i sektoren	-1 000 000	
Totalt	**5 235 000**	**0**

Eigenbetalingssatsar

Heimehjelp pr. månad	2025	2026	2027
< 2G	240,-*	245,-*	250,-*
2-3G	658,-	671,-	684,-
3-4G	1 058,-	1 080,-	1 102,-
4-5G	1 460,-	1 490,-	1 520,-
> 5G	1 865,-	1 902,-	1 940,-

*Det skal vere same prosentvise auk på alle inntektsnivå som auk i**

Korttidsopphald på institusjon	2025	2026	2027
Pr. døgn	200,-*	205,-*	210,-*
Pr. dag/natt	115,-*	115,-*	120,-*

**= Dette er satsar som kommunen ikkje kan bestemme over sjølve jf. Forskrifter*

Kaup av mat for heimebuande eldre	2025	2026	2027
Middag heimebuande eldre	110,-	110,-	110,-
Alle måltid pr. dag	175,-	175,-	175,-

Eigenbetaling tryggleiksalarm	2025	2026	2027
Eigenbetaling pr. månad	200,-	200,-	200,-

Betaling for tenester frå legekontoret fyljer fastlegetariffen.
Betaling for tenester for fysioterapi fyljer forskrift om stønad til dekning av utgifter til fysioterapi.
Kursdøgnpris for opphald på POS er budsjettera til kr 4 500,-.

Kultur og oppvekst

Hovudoppgåver

Sektoren er dela inn i tre ulike avdelingar:

- barnehage
- skule, kantine og SFO
- kulturarbeid, bibliotek, klubb og kulturskule

Under kommunalsjefen ligg vaksenopplæring, pedagogisk psykologisk teneste og logopedtenestar.

Utfordringsbilete

Oppvekst- og kultursektoren skal bidra til å realisere måla i samfunnsdelen om bulyst, næringsutvikling og attraktive lokalsamfunn. Fyresdal går inn i ein periode med venta vekst, som gir nye moglegheiter, men og behov for å utvikle tenestene og prioritere ressursane på ein langsiktig og berekraftig måte. Sektoren skal sikre gode oppvekstvilkår, inkluderande fellesskap og relevante kultur- og fritidstilbod innanfor dei økonomiske rammene kommunen har.

Sektoren har eit meirforbruk. Meirforbruket skuldast i hovudsak utgifter til fastløn, og det er særleg Gimle skule som har eit høgt meirforbruk. Det er difor behov for å få betre oversikt over samanhengen mellom organisering, bemanning, ressursbruk og behova i tenestene.

Eit sentralt spørsmål er kva som skal vere det ordinære opplæringstilbodet ved Gimle skule, både når det gjeld grunnbemanning og ressursfordeling mellom trinna. Barnehagen har etablert ei tydelegare ramme for drifta, og det er behov for å gjere tilsvarande avklaringar for skulen. Dette vil gi eit betre grunnlag for å vurdere ressursbruken og utvikle ei meir berekraftig organisering.

Ressursbruken er i dag ulikt fordelt mellom skule og barnehage. KOSTRA-tala viser at barnehagen har eit ressursnivå under både landsgjennomsnittet og KOSTRA-gruppa, medan skulen ligg godt over begge. Dette gir grunn til å sjå nærare på den samla ressursbruken i oppvekstsektoren og vurdere om ressursane er fordelte på ein måte som best møter behova til barn og unge i ulike aldersgrupper.

Kommunen må i større grad sjå barnehage og skule i samanheng. Tidleg innsats, særleg i barnehagen og på dei første skuletrinna, kan bidra til å førebyggje at utfordringar veks seg større og krev meir omfattande tiltak seinare i opplæringsløpet. Dette krev at kommunen vurderer både innretninga på tenestene og korleis dei samla ressursane blir prioriterte og nytta.

Det er difor behov for ein overordna plan for oppvekst og kultur som gir ei felles strategisk retning for tenestene. Planen skal vere eit langsiktig grunnlag for prioriteringar, utvikling av tenestene og ei meir heilskapleg fordeling av ressursane ut frå behova til barn, unge og familiar.

Gimle skule står framfor eit omfattande utviklingsarbeid knytt til ressursbruk, organisering, kvalitet og kompetanse. Det er behov for å utvikle ein meir felles praksis, styrkje det systematiske arbeidet på organisasjonsnivå og vidareutvikle arbeidet med nærvær, læringsmiljø og handtering av uønskt åtferd. Dette vil krevje tid, tydeleg leiing, involvering av dei tilsette og vilje til å gjere prioriteringar.

Skuleleiinga må få nødvendig handlingsrom til å leie utviklingsarbeidet og etablere ei tydeleg felles retning saman med dei tilsette. Lærarane sin profesjonskunnskap og erfaring må vere eit sentralt utgangspunkt for å utvikle organiseringa, undervisningspraksisen og kvaliteten på opplæringa. Samstundes må kommunen leggje til rette for ei organisering og ressursutnytting som sikrar eit godt og likeverdig opplæringstilbod innanfor berekraftige økonomiske rammer.

Utviklingsarbeidet krev eit tett samarbeid mellom skuleleiinga, dei tilsette og kommunen. Det er og viktig med open dialog og forståing for dei nødvendige prioriteringane hos politikarar, føresette og lokalsamfunnet.

Barnetalet er venta å auke dei komande åra. Fyresdal ønskjer fleire barn og unge, men veksten vil og påverke kapasiteten og økonomien i oppvekstsenestene. Barnehagen har ei god drift og følgjer gjeldande krav til pedagog- og bemanningstettleik. Når barnetalet aukar i 2027, kan det bli nødvendig å auke bemanninga før det statlege tilskotet kjem i 2028. Dette kan gi eit mellombels meirforbruk samanlikna med den vedtekne driftsramma.

Kommunen må difor balansere behovet for å tilpasse drifta til dagens økonomiske rammer med behovet for å ha tilstrekkeleg kapasitet i framtida. Store, kortsiktige nedtrekk kan føre til at kapasiteten må byggjast opp att når barnetalet aukar. Kostnadene ved sommaropen barnehage og SFO må og reknast inn i driftsrammene for komande år.

Datasenterutbygginga gir moglegheiter for næringsutvikling, arbeidsplassar og tilflytting. Samstundes kan veksten føre til nye behov og utfordringar, særleg knytte til barn og unge. Kommunen må vidareutvikle det førebyggjande arbeidet gjennom politirådet og «Laget rundt barn, unge og familiane deira», med vekt på å kartleggje risiko og samordne tiltak knytte til rus, vald og kriminalitet. God informasjon til føresette og samarbeid mellom kommunen, politiet, næringslivet og frivilligheita vil vere viktig i dette arbeidet.

Auka tilflytting kan og føre til større etterspurnad etter kultur-, fritids- og aktivitetstilbod. Barnehagen, skulen og kulturlivet er viktige arenaer for inkludering, fellesskap og tilhøyrsle. Kommunen har eit godt samarbeid med Edge, men må framleis halde handa på rattet når det gjeld

utviklinga av eit kulturliv som møter lokale behov og samlar innbyggjarane. Det er viktig at nye innbyggjarar blir inkluderte i eksisterande fellesskap, slik at veksten styrkjer bygda som heilskap.

Den sentrale utfordringa for Oppvekst og kultur blir å utvikle tenester som held god kvalitet, møter endra behov og kan drivast innanfor berekraftige økonomiske rammer. Dette krev ei tydelegare avklaring av det ordinære tenestetilbodet, ei meir heilskapleg vurdering av ressursfordelinga og ei langsiktig retning for sektoren. Samstundes må kommunen førebu seg på vekst, leggje til rette for tidleg innsats og bruke oppvekst- og kulturtilboda aktivt for å skape inkludering og tilhøyrsle i eit Fyresdal i endring.

Utviklingsbilete

Oppvekst- og kultursektoren er i utvikling, med ny kommunalsjef, rektor og kultursjef. Sektoren har dyktige og utviklingsorienterte leiarar som ønskjer å vidareutvikle tenestene og finne ei felles retning for arbeidet framover. Skulen har framleis eit stort etterslep og står framfor eit omfattande utviklingsarbeid. Barnehagen har fått til ei god og berekraftig drift, og dette er eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet.

Skulen arbeider med nye organisasjonsstrukturar og planlegg ei meir berekraftig driftsform frå hausten 2027. Fram mot dette må det arbeidast med organisering, kompetanseheving og ein utviklingsplan som gir retning for arbeidet. Målet er å finne gode løysingar som fungerer både fagleg og økonomisk over tid.

«Laget rundt barn, unge og familiane deira» er etablert og samlar fleire tenester rundt barn og familiar som treng oppfølging. Samarbeidet mellom skule, barnehage, helse, PPT og andre aktørar skal bidra til betre samordning og ei meir heilskapleg oppfølging.

Kultursektoren har mykje positivt å byggje vidare på. Biblioteket fekk 12. plass på landsbasis i Norsk kulturindeks, noko som er eit flott resultat. Det renoverte kulturhuset gir betre rammer for arrangement, ungdomsklubben hentar inn eksterne midlar til aktivitet og utstyr, og kulturskulen held oppe fleire ulike tilbod trass i få elevar og avgrensa ressursar. Kulturavdelinga er og aktivt med i arbeidet med samfunns- og stadutvikling i kommunen.

Framover skal sektoren arbeide vidare med å finne ei felles retning for oppvekst og kultur. Vi må sikre god ressursbruk, utvikle kompetansen og ta vare på det som fungerer godt. Samstundes må vi førebu oss på auka barnetalet og endringane som kan følgje av datasenterutbygginga. Dette gir både moglegheiter og nye behov, mellom anna for kultur- og fritidstilbod, møteplassar og trygge oppvekstmiljø i Fyresdal.

Mål

Oppvekst og kultur skal utvikle berekraftige tenester av god kvalitet, sikre barn og unge ein trygg og heilskapleg oppvekst og vidareutvikle kultur- og fritidstilbod som fremjar aktivitet, deltaking og tilhøyrsle i Fyresdal.

Hovudmål og tiltak:

Byggje ein robust og berekraftig sektor

- Vidareutvikle organisering, arbeidsmåtar og ressursbruk for å sikre ei fagleg og økonomisk berekraftig drift.
- Arbeide systematisk med kompetanseutvikling, kvalitetsutvikling og gode arbeidsmiljø.
- Utarbeide ein overordna plan for oppvekst og kultur som gir ei felles retning for sektoren og eit langsiktig grunnlag for prioriteringar.

Sikre ein heilskapleg og trygg oppvekst

- Vidareutvikle «Laget rundt barn, unge og familiane deira» for å sikre betre samordning, tidleg innsats og heilskapleg oppfølging.
- Styrkje barn og unge si medverknad og arbeidet med nærvær, trivsel og trygge oppvekstmiljø.
- Førebyggje utfordringar knytte til rus og kriminalitet gjennom samarbeid mellom kommunen, føresette, politiet og andre relevante aktørar.

Vidareutvikle kultur- og fritidstilbodet i Fyresdal

- Vidareutvikle biblioteket, kulturskulen, ungdomsklubben og kulturhuset som attraktive arenaer for aktivitet, læring og kulturopplevingar.
- Leggje til rette for brei deltaking gjennom tilbod som er relevante, tilgjengelege og tilpassa ulike aldersgrupper og behov.
- Nyttiggjere oss av eksisterande arenaer og samarbeid med frivilligheita for å skape aktivitet, inkludering og tilhøyrsle.

Ressursar i sektoren

Sektoren har eit nettobudsjett på 48 millionar.

Økonomiske endringar i rammetildelinga for 2027

Tekst	Utgift	Inntekt
Lønsoppgjer/prisvekst	1 810 000	
Omstilling skule	-500 000	
Auka bemanning PPT	100 000	
Auke i kulturmidlar	200 000	
Totalt	**1 610 000**	

Betalingssatsar

Barnehagen

Barnehagesatsane er regulert etter Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar.

Eigenbetaling for barnehagen fylgjer maksimalsatsen vedteke av Stortinget.

Frå 01.08.2026 er maksimalgrensa for foreldrebetaling sett til kr 700,- per månad.

Det er to ulike moderasjonsordningar i barnehagen, båe avhengig av foreldra si samla brutto inntekt:

- Moderasjonsordning der foreldrebetaling for ein barnehageplass maksimalt skal utgjere 6 % av familien si samla person- og kapitalinntekt. Dette blir rekna ut individuelt. Moderasjonsordningar, avhengig av foreldra si samla brutto inntekt, blir innvilga etter søknad. Betalingssatsen vil av denne årsak vere ulike for kvar og ein.
- Ordning med gratis kjernetid på 20 timar/veka for 2-, 3-, 4- og 5-åringar i familiar med brutto inntekt mindre enn kr 692 465,-.

Skulefritidsordninga

Eigenbetaling for SFO er kr 35,- pr. time i skuleåret.

Maksimal pris i heile skulen sin sommarferie kr 3 000,-

Moderasjonsordningar, avhengig av foreldra si samla brutto inntekt, innvilgast etter søknad.

- Moderasjonsordning der foreldrebetaling for ein SFO maksimalt skal utgjere 6 % av familien sin samla hushald, dersom:
  a) maksimalgrensa for foreldrebetaling for eit år utgjer meir enn seks prosent av hushaldet si inntekter det siste året eller,
  b) det er ei varig nedgang i inntektene til hushaldet inneverande år som gjer at foreldrebetalinga for eit år utgjer meir enn 6 % av hushaldet si inntekt.
- 12 timar gratis SFO for elevar i 1., 2. og 3. klasse per veke.
- Gratis SFO for elevar med særskilde behov på 5. til 7. trinn.

Syskenmoderasjon med 30 % reduksjon for andre barnet og 100 % reduksjon for tredje og påfølgjande barn. Gjeld både barn i barnehage og SFO.

Kulturskulen

Eineundervisning	kr 3 100,-
Undervisning i grupper inntil 4 barn	kr 2 400,-
Undervisning i grupper frå 5 og fleire	kr 2 000,-
Det blir gjeve 50 % syskenmoderasjon.	

Kulturhuset:

Lokale	Døgn	Helg
Storsalen med kjøkken - private arrangement	2000,-	3000,-
Storsalen med kjøkken - lag/foreining	750,-	2000,-
Veslesalen med kjøkken - private arrangement	1000,-	2500,-
Veslesalen med kjøkken - lag/foreining	500,-	1200,-
Bare kjøkken - private arrangement	500,-	1500,-
Bare kjøkken - lag/foreining:	500,-	1000,-
Heile huset - private arrangement:	3000,-	4000,-
Heile huset - lag/foreining:	1500,-	2500,-

Gimle skule

Lokale	Private arrangement	Lag/ foreiningar
Kantine med kjøkken	1000,-	400,-
Kantine	1000,-	400,-
Kantine	1000,-	400,-
Sløydsal, tekstil, musikk	800,-	300,-
Klasserom	800,-	300,-

Symjehallen

Dagspris:	2025	2026	2027
Barn (0-17)	10,-	10,-	0,-
Vaksne	30,-	30,-	50,-

Årskort:	Vaksne	Barn
Januar – desember	700,-	0,-

Plan og teknikk

Hovudoppgåver

Plan og teknikk har ansvar for tenester og infrastruktur som er avgjerande for kvardagen til innbyggjarane og for vidare utvikling av Fyresdal kommune. Sektoren skal sikre at kommunale bygg, eigedommar og tekniske anlegg fungerer godt, samstundes som kommunen legg til rette for bustadbygging, næringsutvikling og ei langsiktig forvaltning av areal og ressursar.

Arbeidet spenner frå dagleg drift og praktiske tenester til sakshandsaming, planlegging, prosjektgjennomføring og beredskap. Sektoren har mellom anna ansvar for:

- Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedommar.
- Forvaltning og oppfølging av kommunale og innleigde utleigebustader.
- Drift og utbygging av vatn- og avløpsanlegg med tilhøyrande leidningsnett.
- Kommunale vegar, gang- og sykkelvegar, parkar og offentlege uteområde.
- Planlegging og gjennomføring av kommunale byggje- og anleggsprosjekt.
- Arealplanlegging, byggjesakshandsaming, oppmåling, matrikkel og geodata.
- Landbruks- og skogbruksforvaltning.
- Reinhald i kommunale tenestebygg.
- Brannførebyggjande arbeid, brannberedskap og oppgåver innan samfunnstryggleik.

Avdelingar og fagområde

Plan, oppmåling, skogbruk og landbruk

Fagområdet omfattar sektorleiing og sentrale forvaltnings- og støttefunksjonar innan arealplanlegging, byggjesak, oppmåling, matrikkelføring og geodata. Oppfølging av kommunaltekniske fagsystem, mellom anna KOMTEK, og oppgåver knytte til bustadforvaltning høyrer og til her.

Landbruks- og skogbruksforvaltninga skal bidra til god ressursutnytting og utvikling av næringane, samstundes som omsynet til natur, kulturlandskap og langsiktig arealbruk blir teke vare på. Fagområdet omfattar dessutan ansvar for kommunale vegar, parkar og friluftsområde.

Rettleiing og dialog med innbyggjarar, grunneigarar, næringsliv og utbyggjarar er ein viktig del av arbeidet. Tenestene skal vere fagleg solide, føreseielege og tilgjengelege.

Bygg, eigedom og VA

Avdelinga har ansvar for at kommunale bygg, eigedommar og vatn- og avløpsanlegg blir drifta og utvikla i tråd med kommunen sine behov. Arbeidet omfattar løpande drift, vedlikehald, rehabilitering og oppfølging av investeringar.

God oversikt over tilstand og vedlikehaldsbehov skal gi grunnlag for prioritering av tiltak. Det skal leggjast vekt på driftstryggleik, energieffektivitet og løysingar som er økonomisk forsvarlege gjennom heile levetida til bygga og anlegga.

Den omfattande utbygginga av bustader og teknisk infrastruktur vil krevje tett samspel mellom prosjektoppfølging og den daglege drifta.

Reinhald

Reinhaldsavdelinga skal sikre reine og hygieniske lokale for brukarar og tilsette i kommunen. Tenesta er viktig både for inneklimaet, trivselen og for å ta vare på den kommunale bygningsmassen.

Arbeidet skal byggje på gode rutinar, rett kompetanse og bruk av føremålstenleg utstyr og metodar. Avdelinga skal vidareutvikle reinhaldet med vekt på kvalitet, miljøomsyn og eit godt arbeidsmiljø. Endringar i bygningsmassen og bruken av lokala må følgjast opp med tilpassing av reinhaldsbehov og ressursbruk.

Utfordringsbilete og prioriteringar i 2027

Stor aktivitet og behov for god gjennomføringsevne

2027 blir eit år med høg aktivitet innan bustadbygging og teknisk infrastruktur. Fleire store prosjekt skal gjennomførast samstundes som innbyggjarar og næringsliv skal få gode tenester i det daglege.

Den viktigaste utfordringa blir å tilpasse oppgåvemengda til tilgjengeleg kapasitet og kompetanse. Investeringane krev grundig planlegging, gode innkjøp og tett oppfølging av entreprenørar, økonomi, kvalitet og framdrift. Det blir nødvendig med tydelege prioriteringar og god samordning mellom fagområda.

Nye bygg og anlegg gir og varige driftsoppgåver. Konsekvensane for bemanning, vedlikehald og driftsøkonomi må derfor vurderast som ein del av prosjektgjennomføringa.

Bustadutbygging og tilrettelegging for tilflytting

Oppgraderinga av den gamle delen av Skogtun er fullført. I 2027 skal kommunen byggje eit nytt rekkjehus med åtte bueiningar på Skogtun. Bustadutbygginga på Århusjordet med 26 einingar blir og ei av dei store oppgåvene gjennom året.

Utbygginga skal styrkje bustadtilbodet og bidra til at kommunen kan møte behov knytte til tilflytting og vekst i næringslivet. Det blir viktig å sikre funksjonelle bustader med god kvalitet og løysingar som gir føreseielege kostnader til drift og vedlikehald.

Moghusfeltet og Tøddelia skal byggjast ut med tilhøyrande infrastruktur. Dette vil leggje til rette for fleire bustadtomter og eit meir variert bustadtilbod i kommunen.

Den auka bustadmassen vil krevje god organisering av utleige, oppfølging av leigeforhold og teknisk drift, dette vil krevje nye personellressursar i åra som kjem.

Vatn, avløp og næringsutvikling

Omfattande utbygging av vatn og avløp vil prege sektoren i 2027. Kommunen må sikre kapasitet til vidare utvikling og samstundes halde oppe trygg og stabil drift av eksisterande anlegg, både knytt til personell og infrastrukturen.

Utviklinga på Molandsmoen og behova knytte til datasenteret vil vere viktige premissar for arbeidet. Tiltaka må samordnast med bustadutbygging, vegarbeid og annan teknisk infrastruktur.

Tett dialog med utbyggjarar, entreprenørar og andre anleggseigarar blir avgjerande for å få gode løysingar og avgrense behovet for omarbeiding.

Gjennomføring av anleggsarbeid må planleggjast slik at omsynet til vassforsyning, framkomst og tryggleik blir ivareteke. God og rettidig informasjon om arbeida skal bidra til å redusere ulempene for dei som blir påverka.

Vedlikehald av bygg og offentlege område

Sjølv om nye investeringar vil krevje mykje merksemd, må kommunen ta vare på dei bygga og anlegga ein allereie har. Vedlikehaldet skal prioriterast ut frå tilstand, risiko og konsekvensar for brukarar og drift.

Ein samla vedlikehaldsplan for kommunale bygg skal gi betre oversikt og eit tydelegare grunnlag for prioriteringar. Tiltak som førebyggjer skadar, reduserer energibruken og forlengjer levetida til bygningsmassen, skal stå sentralt.

Hamaren og andre mykje brukte uteområde krev jamleg oppfølging. Kommunen skal halde fram arbeidet med å sikre trivelege, tilgjengelege og godt vedlikehaldne område for både innbyggjarar og besøkande. Reinhald av toalettanlegg, avfallshandtering og skilting er viktige delar av dette. Arbeidet med ordningar der besøkande bidreg til finansiering av tilrettelegging og vedlikehald, skal førast vidare.

Beredskap og samfunnstryggleik

Vekst og ny næringsverksemd kan endre risikobiletet i kommunen. Beredskapsarbeidet må utviklast i takt med dette, med særleg merksemd på brannberedskap, vassforsyning og annan kritisk infrastruktur.

For eit deltidsbrannvesen er tilgang på personell, kompetanse og eigna utstyr avgjerande. Behov knytte til datasenteret og annan større utbygging må vurderast som del av den samla beredskapen. Vaktordningar, opplæring og utstyrsbehov må følgjast opp i lys av oppdaterte risikovurderingar.

Klimatilpassing og førebygging av skadar frå ekstremver skal og inngå i planlegging, drift og vedlikehald. Oppdaterte planar, øvingar og samarbeid på tvers av fagområde skal bidra til at kommunen er rusta til å handtere uønskte hendingar.

Planarbeid, kompetanse og digital utvikling

Auka utbyggingsaktivitet stiller store krav til oppdaterte planar, godt kartgrunnlag og effektiv sakshandsaming. Arbeidet med arealdelen av kommuneplanen og eit oppdatert planregister skal prioriterast.

Kapasiteten innan oppmåling og matrikkelføring skal sikrast gjennom samarbeid med nabokommunar og tilgang til nødvendig fagkompetanse. Gode samarbeidsløysingar blir viktige for å redusere sårbarheit og sikre kontinuitet i tenestene.

Sektoren skal vidareutvikle bruken av digitale fagsystem og betre kvaliteten på eigedoms- og kartdata. Kunstig intelligens skal takast i bruk der det gir betre arbeidsprosessar og tenester. Bruken skal vere underlagd fagleg kontroll og ivareta teieplikt, personvern og informasjonstryggleik.

Mål for sektoren i 2027

- Gi innbyggjarar og næringsliv tydelege, fagleg gode svar innan rimeleg tid.
- Sikre god styring av økonomi, kvalitet og framdrift i investeringsprosjekta.
- Gjennomføre bygging av eit nytt rekkjehus med åtte bueiningar på Skogtun.
- Gjennomføre bustadutbygginga på Århusjordet.
- Byggje ut Moghusfeltet og Tøddelia med nødvendig teknisk infrastruktur.
- Gjennomføre prioriterte VA-prosjekt og sikre stabil drift av eksisterande anlegg.
- Utarbeide ein sentrumsplan for å imøtekomme det kommande behovet for sentrumsutvikling.
- Utarbeide ein samla vedlikehaldsplan for kommunale bygg og følgje opp dei mest kritiske behova.
- Vidareføre godt vedlikehald og nødvendig tilrettelegging i Hamaren og andre offentlege uteområde.
- Arbeide fram mot vedtak av ny arealdel til kommuneplanen og halde planregisteret oppdatert.
- Sikre nødvendig kapasitet og kompetanse innan oppmåling, matrikkel og geodata.
- Følgje opp internkontroll, avvik og risikovurderingar som ein del av den daglege drifta.
- Oppretthalde god kvalitet i reinhaldet og leggje til rette for eit godt arbeidsmiljø.
- Prioritere energieffektive løysingar og langsiktig, berekraftig areal- og eigedomsforvaltning.
- Ta i bruk digitale løysingar og kunstig intelligens der dette gir dokumenterbar nytte.
- Tilpasse beredskapen til utviklinga og risikobiletet i kommunen.

Ressursar i sektoren

Sektoren har eit nettobudsjett på 23 millionar kroner.

Ressursane skal dekkje eit breitt spekter av lovpålagde oppgåver, dagleg drift og utviklingsarbeid. Den høge investeringsaktiviteten vil leggje press på kapasiteten til planlegging og prosjektoppfølging. Tydelege prioriteringar, samarbeid på tvers av fagområde og målretta bruk av ekstern kompetanse blir viktig for å gjennomføre oppgåvene innanfor dei økonomiske rammene.

Økonomiske endringar i rammetildelinga for 2027:

Tekst	Utgift	Inntekt
Lønsoppgjer/prisvekst	1 525 000	
Leigeinntekter næring		1 700 000
Resipientkontroll	500 000	
Samfunnsutvikling	2 000 000	
Miljøfyrtårnsertifisering	-100 000	
Totalt	**3 925 000**	**1 700 000**

Betalingssatsar

Regulativet blir heimla i lokal forskrift om gebyr for reguleringsplanbehandling, bygge- og delesaksbehandling, oppmåling og eigarseksjonering. Paragrafane i regulativet er synkronisert med forskrifta.

§ 2-3. Gebyr for private innsendte planar	Sum (kr)
For tenester som skal fakturerast etter medgått tid	1 700,-
Oppstart, jf. pbl. § 12-8	
Mottatt planinitiativ	2 200,-
Oppstartsmøte	5 000,-
Trekt søknad	
Om planforslag blir trekt eller ved manglande oppfølging frå forslagsstillar skal vedkommande betale ein del av samla saksbehandlingsgebyr avhengig av kor langt kommunen har kome i arbeidet. Gebyret skal betalast for saker som blir avslutta etter påbyrja saksarbeid, men før førstegangsvedtak.	0-50 % sats av ordinært gebyr
Manglar	

Utsending av mangelbrev	550,-
Grunngebyr for behandling av planforslag, jf. pbl. § 12-10, § 12-11	
Inntil 10 tomter	25 000,-
Tillegg over 10 tomter, per tomt	2 000,-
Rabatt og tilleggsgebyr for behandling av private planforslag	
Rabatt dersom planforslag er i tråd med overordna plan	5 000,-
Tilleggsgebyr dersom planen krev temautgreiing	5 000,-
Planprogram og konsekvensutgreiing, jf. pbl. § 4-1, § 4-2 andre ledd og kap. 14	
Tilleggsgebyr for planar som krev planprogram	5 000,-
Tilleggsgebyr for planar som krev KU	10 000,-
Utfylling eller endring av planforslag, jf. pbl. § 12-14 andre ledd	
Mindre endringar	
Som bare krev endring i plankart	10 000,-
Som bare krev endring i føresegn	10 000,-
Som krev endring i plankart og føresegn	15 000,-
Endring som er å vurdere som ny sak etter § 12-8 blir gebyrlagt som om det er ei ny sak.	Som for ny plan

§ 3-5. Generelle gebyr etter plan og bygningslova	**Sum (kr)**
For tenester som skal fakturerast etter medgått tid	1 700,-
Manglar	
Utsending av mangelbrev	550,-
Førehandskonferanse etter pbl. § 21-1	
Førehandskonferanse	500,-
Andre tiltak	
Saksbehandling av fråvik frå tekniske krav, jf. pbl. § 31-2 fjerde ledd	1 100,-
For kvart igangsetjingsløyve utover den første	7 500,-
Endring av byggjeløyve	2 500,-
Mellombels bruksløyve	750,-
Godkjenning av ansvarsrett	850,-
Tilsyn i byggesak jf. Pbl § 25	1 100,-
Tilleggsgebyr for tiltak som krev løyve/samtykke/utsegn frå anna styresmakt (t.d. arbeidstilsynet, kulturminnestyresmakt, mv.), sjå pbl. § 21-5, og dessutan SAK10 § 6-2.	2 200,-

§ 3-6. *Søknadspliktig tiltak med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl. § 20-3*		
Einebustad og fritidsbustad		***Sum (kr)***
Gebyra inkl. 1. igangsetjingsløyve og mellombels bruksløyve/ferdigattest		
Einebustad og fritidsbustad + garasje > 150 m2 Bygningstype 111–124, 161–163 + 181		11 800,-
Komplett søknad		
Rabatt dersom søknaden er komplett ved fyrste innsending		2 000,-
Rekkehus, fleirmannsbustad, kjedehus og andre småhus. Gebyr for kvar bueining. Bygningstype 131–136		8 900,-
Store bustadbygg. Gebyr for kvar bueining. Frå nr 5 blir det gjeve 50 % rabatt per bueining. Bygningstype 141–159		8 900,-
Tilleggsbygg som del av søknad (garasje, anneks, uthus e.l.) Bygningstype 111–172, 181–199		1 900,-
Tilleggsbygg i eigen søknad, anneks 25-50 m2 BYA, garasje, uthus 100-150 m2 BYA Bygningstype 181–199		4 900,-
Tilleggsbygg i eigen søknad, anneks < 25 m2 BYA, garasje, uthus < 100 m2 BYA Bygningstype 181–199		2 700,-
Til-, på- og underbygg, ombygging Bygningstype. 111–172, 181–199 > 100 m2		4 700,-
Til-, på- og underbygg, ombygging, Bygningstype. 111–172, 181–199 < 100 m2		2 700,-
Anna enn einebustad med krav til ansvarleg føretak	**Sum (kr)**	**Sum (kr)**
Gebyra inkl. 1. igangsetjingsløyve og mellombels bruksløyve/ferdigattest	*Under 500 m^2 BRA*	*Frå 500 m^2 BRA*
Fabrikk-/industribygg ol. Bygningstype: 211–219	11 800,-	28 500,-
Energiforsyningsbygg, bensinstasjon ol. Bygningstype: 221–229; 323	11 800,-	28 500,-
Lager-, landbruks-, parkeringsbygg ol. Bygningstype: 231–249; 421–439	5 800,-	8 800,-
Offentleg tilgjengelege publikumsbygg. Bygningstype: 311–322; 329–429; 441–449; 731–829	11 800,-	28 500,-
Hotell, motell, andre bygg for overnatting, servering. Bygningstype: 511–539	11 800,-	28 500,-
Undervisnings-, museums-, kyrkjebygg ol. Bygningstype: 611–649; 671–679; 830–840	11 800,-	28 500,-
Idrettsbygg ol. Bygningstype: 651–659	11 800,-	28 500,-
Kulturbygg mv. Bygningstype: 661–669	11 800,-	28 500,-

Andre tiltak med krav til ansvarleg føretak	Sum (kr)
Trafikk-/samferdselsanlegg (veg, parkering, brygger, molo etc.) etter pbl. § 20-3, jf. § 20-1 l	3 200,-
Vesentleg terrenginngrep, bygningstekniske installasjonar, andre bygg/konstruksjonar (mur, levegg, basseng, etc.) etter pbl. § 20-3, jf. § 20-1 c	3 200,-
Fasadeendring, skilt – reklame, innhegning mot veg, e.l. etter pbl. § 20-3, jf. § 20-1 h og i	3 200,-
Bruksendring eller vesentleg endring av tidlegare drift etter pbl. § 20-3, jf. § 20-1 d	3 200,-
Bruksendring til bustadformål	3 200,-
Bruksendring mv. til anna formål	3 200,-
Rivning etter pbl. § 20-3, jf. § 20-1 under 100 m^2	3 200,-
Rivning etter pbl. § 20-3, jf. § 20-1 e over 100 m^2	4 200,-
For rehabilitering av pipe, installasjon av trappeheis, etc.	0,-

§ 3-7. Søknadspliktig tiltak utan krav til ansvarleg føretak, jf. pbl. § 20-4	Sum(kr)
Mindre tiltak på utbygd eigedom – jf. SAK10 § 3-1 a og b (eks. tilbygg <50 m2, frittliggande garasje/uthus <70 m2 (BRA)	2 200,-
Mindre tiltak på utbygd eigedom – brygge, skilt/reklame, fasadeendring, mindre tiltak etter § 20-4 e) e.l.) <15 m2 tilbygg, nybygg	2 200,-
Alminnelege driftsbygningar i landbruket – jf. SAK10 § 3-2 (<1000 m2)	2 200,-
Mellombelse (inntil 2 år) bygningar/konstruksjonar	2 200,-
Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvend innanfor ein brukseining, jf. SAK § 3-1 c	2 200,-
Rivning av mindre tiltak som nemnd i SAK10 § 3-1	2 200,-

§ 3-8. Behandling av søknader om dispensasjon, jf. pbl. kap. 19	Sum (kr)
Dispensasjon frå reguleringsplan	8 900,-
Dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel	9 900,-
Dispensasjonar som i tillegg krev høyring	13 000,-
Tillegg per dispensasjon utover den fyrste i same søknad	2 000,-

§ 3-9. Delingssøknad, jf. pbl. § 20-1 m	Sum (kr)
Deling i regulert område	3 200,-
Tillegg per eining over ei	1 100,-
Deling per eining utanfor regulert område (område sett av til bygningar og anlegg eller LNFR)	3 200,-

§ 4-5. Generelle gebyr etter matrikkellova	Sum (kr)
For tenester som skal fakturerast etter medgått tid, sjå § 4-4.	1 700,-
Utsending av matrikkelbrev	
Matrikkelbrev inntil 10 sider	200,-
Matrikkelbrev over 10 sider	400,-

§ 4-6. Oppretting av matrikkeleining	
4-6.1 Oppretting av grunneigedom og festegrunn	**Sum (kr)**
Areal frå 0–300 m^2	10 000,-
Areal frå 301-1000 m^2	18 000,-
Areal frå 1001-2000 m^2	21 000,-
Areal over 2000 m2 per påbegynt da	1 500,-
• ***Der markarbeid ikkje er påkravd***	8 000,-
4-6.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	**Sum (kr)**
Per sak uansett areal	4 000,-
4-6.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon	**Sum (kr)**
Oppmåling av uteareal per eigarseksjon, areal 0-2000m2	12 000,-
Oppmåling av uteareal per eigarseksjon, areal over 2000m2, auk pr påbegynt da	1 400,-

§ 4-7. Grensejustering; *4-7.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige*	Sum (kr)
Inntil 2 punkt eller 100 m grenselengde	1 400,-
For kvart nytt punkt eller 100 m grenselengde	150,-

§ 4-8. Arealoverføring; *4-8.1 Grunneigedom og festegrunn*	Sum (kr)
Areal frå 0–500 m^2	11 500,-

Areal frå 500–1000 m^2	12 500,-
Areal frå 1001-2000 m²	13 500,-
Areal frå 2001-4000 m²	15 500,-
Areal frå 4001-6000 m²	17 500,-
Areal frå 6001-8000 m²	19 500,-
Areal over 8000 m^2, fastpris • **+ pr. 10 meter grenselengde 350-1000 m** • **+ pr. 10 meter grenselengde over 1000 m**	19 000,- + 60,- + 40,-
Tilleggsgebyr i samband med arealoverføring for klarlegging av grense(r) som ikkje tidlegare er koordinatfesta	3 700,-

§ 4-9. Klarlegging av eksisterande grense og klarlegging av rettar	
4-9.1 Grensepåvising av tidlegare koordinatfesta grenser	**Sum (kr)**
For inntil to punkt	4 500,-
For overskytande grensepunkt, pr punkt	250,-
4-9.2 Klarlegging av grenser for heil grunneigedom eller festetomt opptil 8 daa som ikkje er koordinatfesta i tidlegare forretning	**Sum (kr)**
Areal frå 0-4000 m²	10 000,-
Areal frå 4001-8000 m²	1 700,- pr. time
4-9.3 Klarlegging av grenser som tidlegare ikkje er koordinatbestemt	**Sum (kr)**
For inntil to punkt	5 500,-
For overskytande grensepunkt, pr. punkt inntil 8 punkt	500,-
For overskytande grensepunkt pr. punkt frå 9 punkt	350,-
4-9.4 Klarlegging av rettar	**Sum (kr)**
Fakturerast etter medgått tid jf. §§ 4-4 og 4-5	1 700,- pr. time

§ 5-2. Gebyr etter eigarseksjoneringslova	
Eigarseksjonering, nybygg og eksisterande bygg	**Sum (kr)**
Sak utan synfaring, til og med 4 seksjonar, nybygg	5 500,-
Sak utan synfaring, til og med 4 seksjonar, eksisterande bygg	7 500,-
Sak utan synfaring, utover 4 seksjonar, per seksjon	600,-
Oppheve seksjonar	2 500,-
Synfaring	1 500,-
Eigarseksjonering, reseksjonering	**Sum (kr)**
Sak utan synfaring, til og med 4 seksjonar	7 500,-
Sak utan synfaring, utover 4 seksjonar, per seksjon	600,-
Synfaring	1 700,-

Gebyr forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn	
	Sum (kr)
Saksbehandling – utsleppsløyve – anlegg 0 – 50 p.e.	4 000,-
Saksbehandling – utsleppsløyve – anlegg over 50 p.e.	13 200,-
Tilsyn – anlegg 0 – 50 p.e.	6 000,-
Tilsyn – anlegg over 50 p.e.	20 500,-

Gebyr etter jordlov og konsesjonslov	
	Sum (kr)
Delingssaker §12, forskrift om gebyr jord og skogbruk	1 700,-
Saker etter både jordlova § 12 og PBL §§ 20-1 og 26-1	3 400,-
Konsesjon for ubebygd eigedom under 100 da	2 600,-
Annan konsesjon	5 000,-

Gebyr vatn	2025	2026	2027
Abonnementsgebyr bustad	4 800,-	4 858	4 858
Abonnementsgebyr fritidseigedom	4 800,-	4 858	4 858
Abonnementsgebyr næringsbygg/offentlege bygg	4 800,-	4 858	4 858
Forbruksgebyr pr. m³	14,-	14,20	14,20
Stipulert forbruk u/vassmålar – bustad – 200 m3	14,-	14,20	14,20
Stipulert forbruk u/vassmålar – fritidsbustad – 100 m3	14,-	14,20	14,20
Tilkoplingsgebyr – store anlegg pr.m²	150,-	150,-	150,-
Gebyr tilkopling	27 000,-	27 000,-	27 000,-

Gebyr kloakk	2025	2026	2027
Abonnementsgebyr bustad	7 540,-	6 937,-	6 937,-
Abonnementsgebyr fritidseigedom	7 540,-	6 937,-	6 937,-
Abonnementsgebyr næringsbygg/offentlege bygg	7 540,-	6 937,-	6 937,-
Årsgebyr pr. m³	20,-	18,40	18,40
Stipulert forbruk u/vassmålar – bustad – 200 m3	20,-	18,40	18,40
Stipulert forbruk u/vassmålar – fritidsbustad – 100 m3	20,-	18,40	18,40
Tilkoplingsgebyr – store anlegg pr.m²	150,-	150,-	150,-
Gebyr tilkopling	27 000,-	27 000,-	27 000,-

Slamtømmingsgebyr	2025	2026	2027
Slam med tank større/lik 4 m³, pr. tømming	2 995,-	2 755,-	2 755,-
Slam med tank mindre enn 4 m³, pr. tømming	2 995,-	2 755,-	2 755,-
Tett tank større/lik 4 m³, pr. tømming	2 995,-	2 755,-	2 755,-
Tett tank mindre enn 4 m³, pr. tømming	2 995,-	2 755,-	2 755,-
Større tank pr. m³ pr. år	550,-	506,-	506,-

Årsgebyr renovasjon	2025	2026	2027
Standard abonnement bustad	3 500,-	3 500,-	3 500,-
Standard abonnement med heimekompostering	2 625,-	2 625,-	2 625,-
Miniabonnement	2 450,-	2 450,-	2 450,-
Standard hytteabonnement	3 500,-	3 500,-	3 500,-
Utleigehyblar med kjøkken	3 500,-	3 500,-	3 500,-

Feiegebyr	2025	2026	2027
Ordinær feie-/tilsynsgebyr	500,-	500,-	500,-
Gebyr utover fyrste pipa på same hus, (feiing)	500,-	500,-	500,-
Feiegebyr for feiing utover feierute, pr feiing	700,-	700,-	700,-

SJØLVKOST					
	Vatn	Kloakk	Slam	Renovasjon	Feiing
	2027	2027	2027	2027	2027
Direkte driftsutgifter	2 055 456	2 972 968	675 000	4 895 000	810 000
Indirekte driftsutgifter	106 408	106 408	20 000	33 000	20 000
Kalkulatorisk rente	850 960	795 646			
Kalkulatoriske avskrivninger	519 583	1 029 510			
Andre inntekter	0	0			
Gebyrgrunnlag	**3 532 407**	**4 904 532**	**695 000**	**4 928 000**	**830 000**
Gebyrinntekter	-3 958 252	-5 166 161	-670 880	-4 956 000	-875 000
Årets finansielle resultat	**-425 845**	**-261 629**	**24 120**	**-28 000**	**-45 000**
Avsatt til sjølvkostfond					45 000
Avsatt neste år					
Dekning av framførbart underskot	425 845	261 629		28 000	
Bruk av sjølvkostfond			24 120	0	
Framførbart underskot					
Resultat sjølvkost	**425 845**	**261 629**	**24 120**	**28 000**	**45 000**
Prosentvis sjølvkost	112,1 %	105,3 %	96,5 %	100,6 %	105,4 %
Årsgebyr u. mva	6 694	9 232	2 396	2 800	500
Årsgebyr inkl. mva	7 698	10 617	2 755	3 500	500
%-vis auk i gebyr	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %
Vekta antall abb.	442	451	280	1 770	1 750

Saldo sjølvkostfond 01.01.26	0	0	120 595		160 179
Framførbart underskot	1 264 262	468 612	0	432 935	0

Investeringar

UTGIFTER	2027	2028	2029	2030	SUM
Avdrag startlån	500	600	700	700	2 500
Startlån	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
Egenkapitalinnskot KLP	500	500	520	520	2 040
Bustader	145 000	25 000	13 500	15 000	198 500
Sentrumsoppussing - asfalt/lys	0	3 000	3 000	0	6 000
Kommunale bilar	2 000	1 200	1 200	1 200	5 600
Digitalisering	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Rullepark	2 000	7 000			9 000
Bustadfelt - opparbeiding	15 000	5 000			20 000
Hestesportsenter	2 000	8 000			10 000
Arbeidstreningsarena		5 000	2 000		7 000
Saunaanlegg		2 000			2 000
Barnehage/skule- utgreiing	1 000	10 000	15 000	9 000	35 000
Døgnbemanna bustader - utgreiing	1 000	20 000	10 000	10 000	41 000
Treningssenter	5 000	15 000			20 000
Symjehallen - garderober			3 000		3 000
Lagerhall - isolert		2 500			2 500
VA Molandsmoen - sanering av VA	10 000	5 000	5 000	5 000	25 000
Høgdebasseng/ledningsnett	40 000				40 000
SUM	230 000	115 800	59 920	47 420	453 140
INNTEKTER	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**	**SUM**
Avdrag startlån	500	600	700	700	2 500
Tilskudd	35 000	10 000	2 000		47 000
Mva-kompensasjon	5 000	17 000	4 500		26 500
Salgsinntekter	55 000	15 000	6 000		76 000
Bruk av fond - overført frå tidlegare	17 780	26 480			44 260
Overført frå drift	36 720	36 720	36 720	36 720	146 880
Startlån	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
Lån	75 000	5 000	5 000	5 000	90 000
					0
SUM	230 000	115 800	59 920	47 420	453 140

I tillegg er det avsett 4,5 millionar til næringsarbeid, 1,5 millionar til samfunnsutvikling og 1,5 millionar til småinvesteringar gjennom året

Kommunale bilar:

Det er behov for utskifting av fleire bilar, spesielt i heimetenesta. I tråd med innkjøpsreglementet vil ein nå gå til innkjøp av køyretøy med ikkje fossilbart brennstoff. Det er også nokre leasingavtaler som går ut og som ein ynskjer utkjøp av.

Bustader:
Full utbygging av Århusjordet med 26 bustadeiningar og oppføring av 8 nye bustadeiningar på tomta ved Skogtun. I tillegg vil private utbyggarar føre opp fleire bustadeiningar.

Digitalisering:
Som ein del av omstrukturering av drift ynskjer ein å ta i bruk digitale løysingar som kan vere med å effektivisere arbeidsoppgåver der ein kan. Dette kan vere alt frå elektronisk overvaking, kunstig intelligens og velferdsteknologi. Dette er eit kontinuerleg arbeid i åra framover.

Rullepark:
Oppstart av etablering av rullepark. Kommunal egenandel på to millionar. Totalprosjektet er avhengig av eksterne midlar for å gjennomførast. Kor stort prosjektet blir avhengig av kor mykje ein kan hente inn av ekstern finansiering.

Bustadfelt:
Eit stort behov for fleire bustadeiningar i kommunen krev at det tilretteleggast for fleire bustadtomter. Det er allereie starta med ei utviding av Moghusfeltet og det planleggast for ei utviding av Tøddebakkane/Tøddelia.

Høgdebasseng:
I samband med etableringane på Molandsmoen er det større behov for vasstilgang og det må difor etablerast eit nytt høgdebasseng for å sikre nok nok tilgang på vatn. Inkludert i prosjektet her ligg også ledningsnett på Molandsmoen. Eit betydeleg anleggsbidrag frå utbyggarane er med å finansierar prosjektet.

Treningssenter:
Som ein del av samfunnsutviklinga og betydeleg auke i personar som oppheld seg i Fyresdal er det behov for eit nytt og større treningssenter. Prosjektet har ei kostnadsramme på 20 millionar og skal samlokaliserast med eksisterande idrettshall.

Hestesportsenter:
Flytting av anlegget til Hugljufur frå Molandsmoen til Stakkemyrane er godt i gang. I 2027 vil det prioriterast klubblokaler for Hugljufur og bygging av fleirbrukshall.

Utgreiingsprosjekt:

Det er avsett midlar til å starte arbeid med fleire prosjekt som ein ser behov for i åra framover. Dette gjeld både bustader for heildøgns omsorg og arbeidstreningsarenaer, samt rehabilitering av bygningsmasse både for barnehage og skule.

VA-Molandsmoen:

Oppgradering av ledningsnett for VA på Molandsmoen. Skal gjennomførast saman med TNETT.

Gjeldsoversikt

Inng.saldo 01.01.2027	Rentesats	Avdrag 27	Renter 27	Innfrielsedato
158 474	5,00 %	19 000	8 494	01.04.2033
412 500	5,00 %	75 000	16 300	01.05.2032
375 000	5,00 %	50 000	15 000	01.05.2034
975 000	5,00 %	50 000	40 000	01.05.2046
1 150 000	5,00 %	50 000	58 750	01.12.2049
1 290 000	5,00 %	60 000	54 000	01.05.2048
1 566 658	5,00 %	66 668	65403	01.04.2050
2 750 000	5,00 %	100 000	140 000	01.03.2054
3 799 999	5,00 %	133 334	193 333	01.03.2055
4 916 666	5,00 %	166 668	371 488	01.03.2056
4 499 952	5,00 %	333 320	233 332	01.07.2040
14 000 000	5,00 %	1 000 000	725 000	20.06.2040
3 600 000	5,00 %	400 000	190 000	09.06.2035
10 312 500	4,90 %	312 500	512 969	23.12.2060
1 690 000	5,00 %	130 000	87 750	23.12.2040
3 243 700	5,00 %	216 250	167 592	31.12.2041
3 062 500	5,00 %	87 500	155 313	31.12.2061
2 252 470	5,00 %	88 340	117 041	15.09.2052
2 775 000	5,00 %	75 000	140 625	01.12.2063
3 200 000	5,00 %	400 000	170 000	01.12.2034
5 250 000	5,00 %	175 000	266 875	09.12.2056
6 122 500	5,00 %	197 500	311 063	20.12.2057
2 200 000	5,00 %	68 750	111 719	20.12.2058
5 293 096	5,00 %	211 725	269 948	12.09.2051
3 249 133	5,00 %	183 052	167 033	08.08.2044
14 200 000	Nye lån i 2026	Ikkje tatt opp	Ikkje tatt opp	
96 684 196		4 482 939	4 265 334	